

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 12.06.2007 **Tid:** 12.00 – 16.00

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 21 , inkl. varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**  
Ivar Berland

**I staden møtte:**  
Ove Aasebø

**Andre som var tilstade på møtet:**

Adm.sjef, ass. adm.sjef og kommunekasseraren. Leiar av teknisk eining var med ved handsaming av sak 13.

Før møtet vart sett fekk Samnanger kommune v. ordføraren overrekt ordførarkjede.

Kjedet er ei gåve frå næringslivet i kommunen. Sponsorane er Safa a.s., Sparebanken Vest, Faginnredning a.s., Solheim Autoservice, K. I. Svendsdal og Odland Maskin. Eldsjelene for å skaffa kommunen ordførarkjede har vore Sture Tveit og Brigte Olav Gåsdal. Ove Fonn har utforma kjedet.

Dråpen er nytta både til å danna ramma rundt motiva og bokstavane, i tillegg til at små dråpar bind saman hovuddråpane. Det er med motiv frå Fossen Bratte, Samnanger kyrkje, Notaholmen og Safa.

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 14.06.2007

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Det var på førehand sendt ut melding om at ordføreren ønskte å trekkja sak 21/07 frå saklista. Med denne endringa vart innkalling og sakliste godkjend.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen frå førre møte vart godkjend.

**VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:**

Elin Liøen, Jon Magne Bogevik og ordføreren vart valde til å skriva under møteprotokollen.

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Inge Aasgaard** orienterte om at sjølv om Kvamnett no har fullført sin leveranse inneber ikkje det at arbeidet med å skaffa breiband til alle delar av kommunen er avslutta. Kvamnett er no utfordra til å levera eit nytt dekningskart som viser kven som no ikkje har dekning. Kommunen får då ein oversikt som kan vera eit grunnlag for vidare drøftingar.

**Øyvind Røen** stilte spørsmål om PPT og kven som vert samarbeidspart. Han viste til tidlegare spørsmål frå Sp i kommunestyret i samme saka, og meinte at kommunestyret burde vore halden orientert.

Adm.sjefen orienterte om at OO er halde løpande orientert, og at administrasjonen forventar at medlemmane der har orientert sine medpolitikarar. Samnanger kommune har no inngått ein 4-årig avtale med Vaksdal om å kjøpe PPT frå dei. Intensjonsavtala med Os kommune er sagt opp sidan dei ikkje kan levera dei tenestene me etterspør frå august 2007. Adm.sjefen sa og at kommunen no opplever at me har ein betre dialog med PPT på Vaksdal enn tidlegare.

**Jon Magne Bogevik** ba om status for ambulansesaka.

Ordføreren orienterte kort om det som har skjedd den siste tida. Situasjonen er uendra med tanke på å få stasjonert ambulanse i kommunen. Helse Bergen har avklart at dei ikkje ser på responstid som eit vesentleg element i vurderingane sine.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Adm.sjef orienterte om

at velforeininga i bustadfeltet på Lønnebakken har gitt tilbakemelding om at dei ikkje lenger søker om å få plassert ballbinge i feltet. Det inneber at kommunen må vurdere om me skal ta i mot gåva og kvar ballbingen evt. kan plasserast.

Samnanger kommune er saman med 3 andre kommunar i prosjektet "Miljøkvaliteter i landskapet skal sikrast" som fylkeskommunen og fylkesmannen i Hordaland har fått midlar til å gjennomføra. For Samnanger sitt vedkomande inneber det konkret at det vil verta gjennomført landskapsanalyse for to framtidige bustadområde. Analysane vil i neste omgang vera eit godt grunnlag for utarbeiding av reguleringsplanar. Kommunen tenkjer seg å gjennomføra analyse for eit område på Reistad, Erikajordet og på Lønnebakken. Det er dialog med grunneigarane.

Den kommunale økonomien. Svikt i kommunale inntekter frå skatt og kraftsal, gir grunn til å vera bekymra over økonomien i komande økonomiplanperiode. Det vart vist framskrivningar av inntektsbortfallet og større meirutgifter slik dei kjem fram i sak 15/07 for inneverande

økonomiplanperiode. For 2007 vert avviket handtert ved bruk av rekneskapsoverskotet for 2006, vidare ut i perioden har me ikkje fondsmidlar til å dekkja opp forventta underskot.

**Sigmund Dyrhoveden** er Samnanger kommune sin representant i BIR.

Han orienterte frå nyleg halden bedriftsforsamling. Han sa at BIR har ei framtidretta og økonomisk drift. Dei har klart å halda renovasjonsavgifta låg og uendra i fleire år. BIR har både ein monopoldel og ein konkurranseutsett del. Konkurransetilsynet har krevd endringar i drifta då dei meiner at det vert føreteke kryss-subsidiering. På bakgrunn av krava og kritikken frå konkurransetilsynet vart det på generalforsamlinga vedteke med knappast mogleg fleirtal ei oppdeling av selskapet som inneber oppretting av eit nytt selskap.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0013/07	05/00268 <b>VAL AV UTBYGGER TIL NY BARNEHAGE PÅ GJERDE</b>
0014/07	07/00212 <b>OPPTAK AV LÅN TIL NY BARNEHAGE PÅ GJERDE</b>
0015/07	07/00227 <b>BUDSJETTENDRINGAR 2007</b>
0016/07	05/00316 <b>FRAMLEGG TIL KOMMUNEPLAN FOR SAMNANGER - 2007 - 2017</b>
0017/07	06/00300 <b>INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM NÆRINGSUTVIKLING TILSLUTNING TIL BUSINESS REGION BERGEN (BRB)</b>
0018/07	07/00170 <b>EIGEDOMSSKATT - FASTSETJING AV NY FORFALLSDATOAR</b>
0019/07	07/00196 <b>VAL AV REPRESENTANTAR TIL ARBEID MED ENERGI OG KLIMAPLAN</b>
0020/07	07/00244 <b>SAMNANGER SOM RETTVIS KOMMUNE. VAL AV ARBEIDSUTVAL</b>

0013/07

## VAL AV UTBYGGER TIL NY BARNEHAGE PÅ GJERDE

### Framlegg til vedtak::

###Samnanger kommune vel Vestlandshus sitt utbyggingsalternativ til ny barnehage på Gjerde.

Barnehagen vert bygt med 4 avdelingar i eit byggjesteg, og det skal i den vidare planlegginga leggest vekt på miljøomsyn, universell utforming og trafikktryggleik. Motteke skjønsmidlar vert nytta til å drifte dei to nye avdelingane hausten 2008.

### Handsaming i møte:

**Geir Markhus** orienterte om byggekomiteen sitt arbeid og møtet dei har hatt med Leigland bygg der det siste tilbodet vart presentert.

Alle tre tilbydarane kan byggja innan fristen, som er juni 2008.

**Bjarne Sverresvoll** orienterte om dokumentasjon frå Byggforskning på ulike ventilasjonsløyningar, som balansert anlegg (mekanisk) i Vestlandshus og hybrid anlegg (naturleg) i Blinkhus.

**Brit Olav Gåsdal** (Ap) sette fram følgjande framlegg:

*Vestlandshus vert vald som utbyggjar av den nye barnehagen, og deira modell skal nyttast som teikningsgrunnlag.*

*Barnehagen skal ha fire avdelingar, og det skal i den vidare planlegginga leggjast vekt på miljøomsyn, universell utforming og trafikktryggleik.*

*Saka har ikkje vore fremja for arbeidsmiljøutvalet og Arbeidstilsynet. Det skal gjerast snarast, og det skal takast omsyn til evt. merknader frå dei.*

*Vidare skal det leggjast stor vekt på at romplanen vert slik at kvile- og pauserom vert store nok i høve talet på brukarar. Det same gjeld areal til leik/kvil og grovgarderobe for ungane. Det bør og vurderast kjøkkenkrok i kvar avdeling. Det same gjeld toalett ved inngangane og utvendig lagerrom for uteleikar.*

*Reinhaldar må ha stort nok areal til å dekkja naudsynt trong for oppbevaring av utstyr m.m. Mottekne skjønsmidlar skal nyttast til å drifte dei to nye avdelingane hausten 2008.*

**Øyvind Røen** (Sp) sette fram følgjande framlegg:

*Samnanger kommune vel Blinkhus sitt utbyggingsalternativ til ny barnehage på Gjerde med val av hybrid ventilasjonsanlegg. (Vidare som framlegget frå administrasjonen)*

**Helge Reistad** (Bgl) sette fram følgjande framlegg i tillegg til Gåsdal sitt framlegg:

*Det må også sjåast på ein mogeleg auke i bruttoarealet for å oppnå vilkåra knytt til dei andre strekpunkta overfor.*

Øyvind Røen bad om gruppemøte. Møtet vart mellombels heva. Møtet vart sett igjen.

Det vart først røysta over B.O.Gåsdal (Ap) sitt framlegg som fekk 14 røyster for.

Deretter vart det røysta over H.Reistad (Bgl) sitt tilleggsframlegg som fekk 11 røyster.

Til slutt vart det røysta over Ø.Røen (Sp) sitt framlegg som fekk 7 røyster.

### **Vedtak:**

Vestlandshus vert vald som utbyggjar av den nye barnehagen, og deira modell skal nyttast som teikningsgrunnlag.

Barnehagen skal ha fire avdelingar, og det skal i den vidare planlegginga leggjast vekt på miljøomsyn, universell utforming og trafikktryggleik.

Saka har ikkje vore fremja for arbeidsmiljøutvalet og Arbeidstilsynet. Det skal gjerast snarast, og det skal takast omsyn til evt. merknader frå dei.

Vidare skal det leggjast stor vekt på at romplanen vert slik at kvile- og pauserom vert store nok i høve talet på brukarar. Det same gjeld areal til leik/kvil og grovgarderobe for ungane. Det bør og vurderast kjøkkenkrok i kvar avdeling. Det same gjeld toalett ved inngangane og utvendig lagerrom for uteleikar.

Reinholdar må ha stort nok areal til å dekkja naudsynt trong for oppbevaring av utstyr m.m. Mottekne skjønsmidlar skal nyttast til å drifta dei to nye avdelingane hausten 2008.

Det må også sjåast på ein mogeleg auke i bruttoarealet for å oppnå vilkåra knytt til dei andre strekpunkta overfor.

0014/07

### **OPPTAK AV LÅN TIL NY BARNEHAGE PÅ GJERDE**

#### **Framlegg til vedtak::**

Samanger kommune tek opp inntil 15.5 mill. i lån i Husbanken med avdragstid 20 år til bygging av ny barnehage på Gjerde. Investeringsstilskot/momskompensasjon går til frådrag på lånet.

#### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Samanger kommune tek opp inntil 15.5 mill. i lån i Husbanken med avdragstid 20 år til bygging av ny barnehage på Gjerde. Investeringsstilskot/momskompensasjon går til frådrag på lånet.

0015/07

**BUDSJETTENDRINGAR 2007****Framlegg til vedtak:**

Det vert føreteke fylgjande korrigeringar på budsjettet for 2007:

<b>Kap 1.9 + lønsauke 2007 m.v.</b>	Budsjett	Forventa	Auka utgift redusert innt.	Auka inntekt redusert utg.
<b>1.1200.1800 Diverse fellesutgifter</b>				
4901 Forventa lønsauke	0	850 000	850 000	
<b>1.9000.8000 Skatteinntekter</b>				
8700 ordinær skatt	47 603 000	45 367 000	2 236 000	
8740 eigeidomsatt	6 790 000	7 238 900		448 900
<b>1.9000.8400 Rammetilskot</b>				
8000 rammeoverføring	33 412 000	34 225 000		813 000
8101 reform 97	150 000	161 000		11 000
8102 rentekompensasjon skule	231 000	115 000	116 000	
<b>1.9001.8700 Renter</b>				
5000 renteutgifter	2 574 000	2 717 551	143 600	
5002 forvaltningslån	259 000	301 637	42 600	
9000 renter fond	200 000	250 000		50 000
9001 renter arbeidskapital	500 000	800 000		300 000
9002 renter forvaltningslån	160 000	190 000		30 000
9050 utbytte BIR	50 000	60 000		10 000
<b>1.9001.8701 Avdrag på lån</b>				
5101 Kommunalbanken	2 569 000	2 512 200		56 800
<b>1.9002.8800 Interne finanstransaksjoner</b>				
9400 Bruk av disp.fondet	3 215 000	4 883 500		1 668 500
			3 388 200	3 388 200

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Det vert føreteke fylgjande korrigeringar på budsjettet for 2007:

<b>Kap 1.9 + lønsauke 2007 m.v.</b>		Budsjett	Forventa	Auka utgift redusert innt.	Auka inntekt redusert utg.
1.1200.1800	<b>Diverse fellesutgifter</b>				
4901	Forventa lønsauke	0	850 000	850 000	
1.9000.8000	<b>Skatteinntekter</b>				
8700	ordinær skatt	47 603 000	45 367 000	2 236 000	
8740	eigedomsskatt	6 790 000	7 238 900		448 900
1.9000.8400	<b>Rammetilskot</b>				
8000	rammeoverføring	33 412 000	34 225 000		813 000
8101	reform 97	150 000	161 000		11 000
8102	rentekompensasjon skule	231 000	115 000	116 000	
1.9001.8700	<b>Renter</b>				
5000	renteutgifter	2 574 000	2 717 551	143 600	
5002	forvaltningslån	259 000	301 637	42 600	
9000	renter fond	200 000	250 000		50 000
9001	renter arbeidskapital	500 000	800 000		300 000
9002	renter forvaltningslån	160 000	190 000		30 000
9050	utbytte BIR	50 000	60 000		10 000
1.9001.8701	<b>Avdrag på lån</b>				
5101	Kommunalbanken	2 569 000	2 512 200		56 800
1.9002.8800	<b>Interne finanstransaksjoner</b>				
9400	Bruk av disp.fondet	3 215 000	4 883 500		1 668 500
				3 388 200	3 388 200

0016/07

**FRAMLEGG TIL KOMMUNEPLAN FOR SAMNANGER - 2007 - 2017****Framlegg til vedtak::**

Framlegg til kommuneplan for Samnanger kommune 2007 – 2017 vert godkjend. Planen skal gåast igjennom for å retta opp språket.



Det vert løyvd inntil kr 20.000 av næringsfondet til trykking og distribuering av ein publikasjon der kommuneplanen vert presentert for innbyggjarane.

**Handsaming i møte:**

Adm. sjefen ga informasjon om at fylkesmannen og fylkeskommunen har gitt tilbakemelding om at dei vil koma med tilbakemeldingar til planframlegget, men at dei vil nytta den retten dei har til å gje uttale innan 30 dagar, dvs. innan 21.06.07. Adm.sjefen har gitt dei tilbakemelding om at planen vert handsama av kommunestyret før den tid, men at ordføraren vil vurdere om deira merknader gir grunnlag for ny handsaming etter ferien.

Kommunestyret meinte at andre setning i framlegg til vedtak bør gå ut.  
Kommunestyret vedtok samrøystes framlegg til vedtak med unnatak av andre setning.

**Vedtak:**

Framlegg til kommuneplan for Samnanger kommune 2007 – 2017 vert godkjend.  
Det vert løyvd inntil kr 20.000 av næringsfondet til trykking og distribuering av ein publikasjon der kommuneplanen vert presentert for innbyggjarane.

0017/07

**INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM NÆRINGSUTVIKLING  
TILSLUTNING TIL BUSINESS REGION BERGEN (BRB)****Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune seier ja til å ta del i BRB (Business Region Bergen)  
Storleiken på eigardelen vert teken avgjerd om seinare.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune seier ja til å ta del i BRB (Business Region Bergen)  
Storleiken på eigardelen vert teken avgjerd om seinare.

0018/07

**EIGEDOMSSKATT - FASTSETJING AV NY FORFALLSDATOAR****Framlegg til vedtak::**

Eigedomsskatt på verk og bruk forfell til betaling i to terminar, første termin 20.02 og andre termin 20.08.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Eigedomsskatt på verk og bruk forfell til betaling i to terminar, første termin 20.02 og andre termin 20.08.

0019/07

**VAL AV REPRESENTANTAR TIL ARBEID MED ENERGI OG KLIMAPLAN****Handsaming i møte:**

**Frode Bjørnås** sette fram slikt framlegg:

*Brigt Olav Gåsdal blir valgt som representant til utvalget som skal arbeida med Energi- og Klimaplan.*

**Inge Aasgaard** sette fram slikt framlegg:

*Øyvind Røen (Sp) og Sigmund Dyrhovden (Krf) vert vald inn i gruppa om skal arbeida med energi- og klimaplan for Samnanger kommune.*

Kommunestyret gjekk samrøystes inn for framlegget frå Bjørnås. 19 røysta for framlegget frå Aasgaard og 2 mot.

**Vedtak:**

Brigt Olav Gåsdal blir valgt som representant til utvalget som skal arbeida med Energi- og Klimaplan.

*Øyvind Røen (Sp) og Sigmund Dyrhovden (Krf) vert vald inn i gruppa om skal arbeida med energi- og klimaplan for Samnanger kommune.*

0020/07

**SAMNANGER SOM RETTVIS KOMMUNE. VAL AV ARBEIDSUTVAL****Handsaming i møte:**

I møtet sette ordførar fram framlegg på fylgjande medlemmer i utvalet:

*Margot Hisdal – representant for fagforbundet*

*Katja Oberle – representant for utdanningsforbundet*

*Britt Haukanes Røen – representant for kyrkja*

*Ordførar Marit A Aase*

Framlegget vart vedteke mot 1 røyste.

**Vedtak:**

Det vert sett ned eit arbeidsutval for å utgreia Samnanger som rettviss kommune. Fylgjande representantar vert valde til å sitja i utvalet:

Margot Hisdal – representant for fagforbundet  
Katja Oberle – representant for utdanningsforbundet  
Britt Haukanes Røen – representant for kyrkja  
Ordførar Marit A Aase

0021/07

## **FELLES IKT SATSING I BERGENSREGIONEN. OPPRETTING AV IKS**

### **Framlegg til vedtak::**

Det vert tilrådd at Samnanger kommune sluttar seg til oppstartinga av eit IKS. Dette grunnar ein med at ei slik driftsløysing på sikt vil kunne sikre ei berekraftig utvikling innan IKT i Samnanger kommune. Både tenestmessig og økonomisk vil ein vera tena med eit interkommunalt driftsselskap i høve til å drifte sjølv.

### **Handsaming i møte:**

Under godkjenning av innkalling og saklista vart denne saka trekt attende.

### **Vedtak:**

Saka vert trekt.